

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
098/20	Formannskapet	PS	25.11.2020
088/20	Formannskapet	PS	04.11.2020
092/20	Heradsstyret	PS	09.12.2020
021/20	Eldrerådet	PS	12.11.2020
017/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	12.11.2020

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øyvind Johannessen	20/1290

## Budsjett 2021 med økonomiplan 2021 - 2024

### Vedlegg:

BUDSJETT 2021- ØKONOMIPLAN 2021-2024 OSTERØY KOMMUNE

2 Gebyrregulativ 2021

2 framlegg Gebyrregulativ tekniske tenester 2021

ÅRSBUDSJETT 2021 Kyrkja Justert 12 nov 2020

Handsaming av budsjett og økonomiplan - innsending til Fylkesmannen

Pristabell renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2021

Brev frå dei tilsette i Valestrand barnehage

Brev frå ein reinhaldar

Brev frå Fotlandsvåg FAU, grenderåd og LivOGlyst

Høyring omlegging til oppvekstsenter

Høyrings svar Lonevåg.

høyringsbrev 13.11.2020 1

svartil-høyring-korrekturlest-og-redigert (1)

Til høyring

HØYRING BUDSJETT 2021 (1)

Uttale til budsjett høyring frå elevane ved Fotlandsvåg skule

SU-ref-11.11.2020

Svar fra Lonevåg FAU

VS: svar fra Lonevåg FAU

Brev til politikarar og rådmann

Er skulesamanslåing eit steg i feil retning-6

Til rådmannen i Osterøy kommune

Haus 10

Høyrings svar frå MUL angående oppvekstun i Haus og flytting av mellomtrinn ved Haus skule

SU Valestrand bhg investeringbudsjett

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**«Budsjett for 2021, økonomiplan 2021-2024 samt investeringsplan 2021 til 2024 vert lagt fram til drøfting på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettdukument og hovudoversikter**

## **Formannskapet - 088/20**

### **FS - behandling:**

Til møtet blei følgjande dokument lagt ved i saken:

- Spørsmål frå Hjalti H. Gislason datert 01.11.20 med svar frå økonomisjefen
- Brev frå Fotlandsvåg FAU, grenderåd og LivOGlyst, sendt pr epost 04.11.20
- Brev frå ein reinhaldar sendt pr epost 29.10.20
- Brev frå dei tilsette i Valestrand barnehage, sendt pr epost 03.11.20

-----  
Økonomisjefen møtte i saka. Han presenterte budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Sektorleiar for helse, omsorg og sosial og sektorleiar for oppvekst, skule og kultur var også til stades for å kunne svare på spørsmål for sin sektor.  
-----

### **AVRØYSTING:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak - Samrøystes vedteke

### **FS - vedtak:**

**Budsjett for 2021, økonomiplan 2021-2024 samt investeringsplan 2021 til 2024 vert lagt fram til drøfting på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettokument og hovudoversikter**

## **Eldrerådet - 021/20**

### **ELD - behandling:**

I starten av møtet vart det halde ei felles orientering for Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om framlegg til budsjett 2021. Orienteringa var ved rådmannen. Det var høve til å stilla spørsmål i tilknytning til orienteringa.  
-----

Aksel Låstad, RFF, tok opp spørsmål om forslag til kutt i fysioterapi og mogeleg rettssak som følgje av dette.

Rådmannen, viste til at denne tenesta har fleire årsverk enn det er i andre samanliknbare kommunar, medan Osterøy har færre legeårsverk enn andre i h.t. til innbyggjartalet. Utfallet av ei mogeleg rettssak kan ein ikkje vita. Fysioterapeutar kan og driva utan driftstilskot. Å fjerna foreslåtte kutt inneber at ein må kutta meir på andre område.

Rådmannen viste til at ein burde ha kutta meir, då budsjettframlegget er saldert ved bruk av fondsmidlar.

Ove Kleiveland, ER, viste til at slik budsjettet ligg føre no vil det behov for ytterlegare bemanningsreduksjon skal ein unngå at situasjonen blir verre i 2022.  
-----

*Eldrerådet si handsaming:*

Etter drøftingar slutta vedtok Eldrerådet samrøystes å gje slik uttale:

"Eldrerådet tek framlegget til budsjett 2021 til etterretning. I det vidare budsjettarbeidet med kutt og bemanningsreduksjonar ber ein om at tenester til eldre og pleietrengande vert skjerma mot kutt så langt det er råd."

-----

#### **ELD - vedtak:**

Uttale frå Eldrerådet:

"Eldrerådet tek framlegget til budsjett 2021 til etterretning. I det vidare budsjettarbeidet med kutt og bemanningsreduksjonar ber ein om at tenester til eldre og pleietrengande vert skjerma mot kutt så langt det er råd."

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 017/20**

##### **RFF - behandling:**

Etter drøftingar slutta vedtok råd for menneske med nedsett funksjonsevne samrøystes å gje slik uttale:

"Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber rådmannen generelt teke bort minst mogleg av det som røre ved tenester til dei som treng det mest. Spesielt tilrår ein å ikkje kutte ned på fysioterapitenesta, då det her allereie ikkje er godt nok teneste tilbod og lange ventelister."

##### **RFF - vedtak:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber rådmannen generelt teke bort minst mogleg av det som røre ved tenester til dei som treng det mest. Spesielt tilrår ein å ikkje kutte ned på fysioterapitenesta, då det her allereie ikkje er godt nok teneste tilbod og lange ventelister.

#### **Formannskapet - 098/20**

##### **FS - behandling:**

Roar Moen, leiar Bergen kirkelige fellesråd, og Edvin Bratli, kyrkjeverje for Osterøy kyrkelege fellesråd, møtte og la fram sak for formannskapet.

Økonomisjef møtte i saka. Han presenterte siste oppdaterte budsjett for 2021 og økonomi plan for 2021-2024

-----

Johannes M. Bysheim, AP, gjorde slikt felles framlegg på vegne av AP, H, SV og SP: "1: Framlegget om å flytta elevar frå Fotlandsvåg og Haus skular vert ikkje gjennomført Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert for 2021 dekkja inn ved bruk av ekstraløyvingar i samband med koronatiltak frå staten på 6,6 millionar For resten av økonomiplanperioden vert dette å dekkja inn i sektoren OUK.

2:

Framlegget om å fasa ut lærlingeordninga i Osterøy kommune vert ikkje gjennomført. Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert å dekkja inn i dei sektorane som har lærlingar.

3:

Det vert løyvd ein million kroner til satsing på næringsutvikling kvart år i økonomiplanen. I kva form dette skal gjennomførast vert vedteke etter at rapport frå pågåande prosjekt er handsama i Heradstyret over nyttår.

Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert for 2021 dekkja inn ved bruk av ekstraløyvingar i samband med koronatiltak frå staten på 6,6 millionar

For resten av økonomiplanperioden vert dette å dekkja ved å trekkje ned ramma for kvar sektor, fordelt forholdsmessig etter totalramma til sektorane."

Ragnar Tyssbotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen sitt budsjett vert vedteke med følgjande endringar:

Rammer fordelt på sektorane vert som følgjer:

Rådmann/Stab 38,7 millionar

Oppvekst, undervisning og kultur 200 millionar

Helse, omsorg og sosial 205, 524 millionar

Samfunnsutvikling 47 millionar

Vidare vert følgjande endringar lagt inn:

- Skulestruktur vert oppretthalde som i dag. Fotlandsvåg og Haus skular vert ikkje gjort om til oppveksttun.
- Det vert ikkje gjort endringar i lærlingeordninga.
- Alle vakansar som kjem, vert som hovudsak trekt inn. Oppgåver utførast av eksisterande ressursar. Om naudsynt ved forflytning. Dersom rådmannen vurderer at stillinga må fyllast gjennom nyttilsetjing, skal dette grunnjevast.
- Administrasjonen rapporterer om den økonomiske utviklinga til formannskap og heradstyre i kvart møte fram til nytt vedtak vert fatta.

Vidare rår formannskapet til at Heradstyret vedtek å opprette eit prosjekt som skal arbeide raskt og målretta med å finne potensiale for å få drifta i balanse innanfor dei rammer som er sett i budsjettet. Målsetjinga er at kommunen skal kunne gå med overskot i drifta i rekneskapsåret 2022.

Prosjektet får namnet Osterøy 2022.

- Det vert vald til saman 5 heradstyrerepresentantar til å sitje i prosjektgruppa. Rådmannen er fast medlem utan røyserett, og kan ha med dei frå staben som til ei kvar tid er naudsynt for å sikre god framdrift i arbeidet. Rådmannen er ansvarleg for å bringe fram informasjon som er naudsynt for at gruppa kan ta stode til dei ulike forslaga dei kjem med.

- Hovudmålet for arbeidet skal være å ha eit best mogeleg tenestetilbod for innbyggjarane, og samstundes syte for naudsynte tiltak som sikrar at drifta går i balanse. Lovpålagte tenester skal prioriterast innanfor dei rammer som lova krev.

- Tiltak for å halde budsjettamme vert utarbeida av prosjektgruppa for Osterøy 2022 og gruppa legg fram tiltaksliste som eiga sak for vedtak i formannskap/heradstyret frå og med første formannskap/heradstyremøte 2021 og i kvart møte fram til utgangen av 2022.

- Rapport frå Telemarksforskning, KOSTRA tal, hovudrekneskap frå 2016 og framover, organisasjonskart, kommunedelplanar med meir er arbeidsdokument som skal leggjast til grunn for å

spore potensiale og styre tiltaka mot eit betre tenestetilbod. Lista er ikkje uttømmende.

- Medverknad frå tilsetteorganisasjonar skal sikrast etterkvart som forslag vert konkretiserte jfr Arbeidsmiljølova §§ 8-1, 8,2 med fleire.

Gruppa skal altså freiste å finne potensiale for vidare drift. Rapport frå Telemarksforsking, KOSTRA, med meir syner at det ligg eit potensiale i drifta vår. Som påpeika før, er det mange småsummar og små overforbruk som til saman gjev ein trang situasjon. Lista under er ikkje uttømmende, men det kan være fornuftig å sjå på mellom anna følgjande område for sektorane:

Rådmann/stab:

- Felles IKT kostnader har gått opp med 44% sidan rekneskap 2019. Kjøper med ei rette tenestene? Har me rette lisenser? Kan brukarspesifikke lisensar leggest inn i sektorane for å syne driftsutgifter der dei høyrer heime?
- Rapport frå Telemarksforsking syner at me bruker svært mykje på administrasjon i kommunen. Noko er nok ført på sektorar, men me må uansett vurdere nivået på leiinga i kommunen. (gjeld ALLE sektorar, men naturleg å legge kommentaren her)
- Kan me auke antal lærlingar for å sikre god rekruttering?
- Er me på rett lønsnivå og rett struktur i leiar og mellomleiarnivå til å sikre godt leiarskap, eller er det for mange nivå slik at ansvar vert «pulverisert» før det kjem ut?
- Kan tekniske løysingar redusere behovet for ansetteressursar?
- Husleigeavtalar. Er avtalane naudsynte? Kan me finne rimelegare løysingar i hovudsak eigne bygg?
- Slå saman einingar? Til dømes sjukeheim, Heimetenesta og bufellesskap? Andre?
- Pensjonsavtalar. Vurdere anbod på dette frå 2022. gjeld alle einingar.

Samfunnsutvikling:

- Brannsamarbeidet framstår som kostbart i høve til KOSTRA/Telemarksforsking. Her er ein auke på nokså mykje dei siste åra. Reforhandle avtalen? Undersøkje pris på samarbeid med anna branneining og vurdere dette?
- Er bygningsmasse rett i høve til tenesteytinga me skal drive med? Kan me selge unna ein del kommunal eigedom?
- Dersom ja: Redusere ressursbruken til vedlikehald? Til reinhald? Til leiing?
- Er det rett organisering til å sikre ein effektiv arbeidskvardag?
- Kan me vurdere å konkurranseutsetje noko av drifta?
- Kan me kjøpe heile eller deler av tenester til Plan, landbrukstenester, brannførbyggjande arbeid med meir?
- Kan tekniske løysingar redusere behovet for ansatteressursar?

Helse, Omsorg og Sosial:

- Yter me tenester som me ikkje får refusjon for? Vurdere å redusere tilbod til eit nivå som er i samsvar med refusjonar.
- Kan me auke ATA tid noko? Det vil kunne gje ein stor gevinst om køyreruter vert lagt opp slik at ATA tid er mogeleg å forbetre.
- Er organiseringa i dag optimal? Tilbyr med ei beste arbeidstilhøva og sikrar me ein effektiv arbeidskvardag?
- Er bruken av vikarar naudsynt å ha slik den er i dag?
- Er bemanninga rett? Rapportar viser oss at me gjerne er noko høg i bemanning. Kva tiltak kan me setje inn for å betre arbeidssituasjonen og samstundes gjere arbeidsdagen meir effektiv?
- Har me rett organisering og bemanning i Bu og avlastingstenesta? Er tenesta utforma slik at me har optimal tenesteproduksjon i høve til ressursbruk? Kan me vurdere innføring av LEAN eller tilsvarande system (organiseringmodell og styringsmodell) modellen slik enkelte kommunar har gjort, og

industrien har lang erfaring med.

- Kan tekniske løysingar redusere behovet for ansatteressursar?
- Har me rett bustadstruktur for BUA?
- Vurdere konkurranseutsetjing av deler av drifta i sektoren.
- KAN ME FRAMSKUNDE OMSORG PLUSS? Kan dette prosjektet gjennomførast som ei «samspelsentreprise»?
- Tekniske hjelpemiddel? E-helse?

Oppvekst, Undervisning og kultur:

- Har me rett bemanning til å sikre lovpålagte tenester og drive etter dei rammer som lova set?
- Det er gjort kjent at me ligg høgt på undervisningsårsverk i kommunen. Kan me organisere drifta betre slik at me får frigjort ressursar? Kan deler av desse ressursane nyttast betre jfr Kommundelplan for oppvekst?
- Har me rett struktur på barnehagane? Er ressursane der dei trengs?
- Kan tekniske løysingar redusere behovet for ansatteressursar?
- Kan deler av barnehagane driftast av private?
- Kan private aktørar tenkje seg å byggje nye barnehagar der det trengs?"

Johannes M. Busheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Investeringsbudsjett post 1252: Posten vert endra frå «Utviding Hauge barnehage» til «Utviding av kapasitet i barnehage» Kvar midlane skal nyttast vert bestemt etter at det Heradsstyret er førelagt ein analyse av framtidig kapasitetsbehov i barnehagane."

#### **AVRØYSTING:**

##### **Alternativ avrøysting:**

Rådmann sitt framlegg med slike endringar som foreslått frå AP, H, SV og SP - 7 røyster  
(2AP, 2SP, 1H,1KRF,1SV)  
Rådmann sitt framlegg med slike endringar som foreslått frå FRP - 2 røyster  
(FRP)

##### **Normal avrøysting:**

Johannes M. Bysheim, AP, sitt framlegg - vedteke med 8 røyster  
(2AP,2FRP,2SP,1KRF,1SV) mot 1 røyst (H).

-----  
Budsjett leggst med dette ut på høyring

#### **FS - vedtak:**

**Budsjett for 2021, økonomiplan 2021-2024 samt investeringsplan 2021 til 2024 vert lagt fram til drøfting på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettokument og hovudoversikter, med slike endringar**

**1:**

**Framlegget om å flytta elevar frå Fotlandsvåg og Haus skular vert ikkje gjennomført  
Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert for 2021 dekkja inn ved bruk av ekstraløyingar i samband med koronatiltak frå staten på 6,6 millionar  
For resten av økonomiplanperioden vert dette å dekkja inn i sektoren OUK.**

**2:**

**Framlegget om å fasa ut lærlingeordninga i Osterøy kommune vert ikkje gjennomført.  
Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert å dekkja inn i dei sektorane som har lærlingar.**

**3:**

Det vert løyvd ein million kroner til satsing på næringsutvikling kvart år i økonomiplanen. I kva form dette skal gjennomførast vert vedteke etter at rapport frå pågåande prosjekt er handsama i Heradstyret over nyttår.

Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert for 2021 dekkja inn ved bruk av ekstraløyvingar i samband med koronatiltak frå staten på 6,6 millionar

For resten av økonomiplanperioden vert dette å dekkja ved å trekkje ned ramma for kvar sektor, fordelt forholdsmessig etter totalramma til sektorane.

**4.**

**Investeringsbudsjett post 1252:**

Posten vert endra frå «Utviding Hauge barnehage» til «Utviding av kapasitet i barnehage»

Kvar midlane skal nyttast vert bestemt etter at det Heradsstyret er førelagt ein analyse av framtidig kapasitetsbehov i barnehagane.

**Saksopplysningar:**

**Saksopplysningar:**

Rådmann sitt framlegg til budsjett for 2021 vert med dette lagt fram til politisk handsaming.

Rammene for 2021 budsjettet er krevjande, og det har ikkje vore mogeleg å få til eit saldert budsjett utan å bruke disposisjonsfond og bundne driftsfond. Dette til tross for at budsjettet inneheld omfattande innsparingstiltak. I tekstdelen til budsjettet gjer vi greie for konsekvensane av budsjettframlegget.

**Konklusjon**

Saka vert lagt fram til handsaming. Endeleg budsjett blir lagt fram til neste formannskapsmøte.